



# Rådgjevar - Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

## Rådgjevar

Ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) er det ledig ei 100 % fast stilling som Rådgjevar knytt til norskkursa frå 01.08.2019.

LLE er eitt av fire institutt ved Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen. Instituttet femner om faga litteraturvitskap, språkvitskap, norsk som andrespråk, nordisk språk og litteratur, norrøn filologi, kunsthistorie, klassisk filologi, teatervitskap og digital kultur og norskkurs for utanlandske studentar og tilsette. Det er om lag 75 vitskapeleg tilsette ved instituttet, 40 ph.d.-kandidatar og 16 personar knytte til administrasjonen. Næraste overordna er administrasjonssjefen.

LLE tilbyr norskkurs på ulike nivå til ulike søkargrupper. I løpet av eit år vil om lag 1000-1200 kursdeltakarar gjennomføre kurs i spennet norsk som nybegynnar til akademisk skrivning på norsk. Som ein del av eit aktivt og dynamisk arbeidsmiljø med 12 universitetslektorar/førsteamanuensar og to administrative medarbeidarar, vil du vere med på å utvikle norskkursa vidare framover. Den nærmaste overordna er administrasjonssjefen ved instituttet.

## Arbeidsoppgåver:

- Administrativt hovudansvar for norskkursa: opptak, planlegging og ressursbudsjettering av kurstilbod, informasjonsarbeid, studieplanarbeid, rettleiing, generell sakshandsaming, mottak av studentar og deltaking i faglege nettverk.
- Koordinere samarbeid mellom instituttet, Det humanistiske fakultet, HR-avdelinga og Studieadministrativ avdeling.
- Rapportering og framstilling studiedata
- Utgreiings- og utviklingsoppgåver
- Tett samarbeid med fagkoordinator og faglærarane på norskkursa

Alle i administrasjonen vil, i tillegg til dei særskilte funksjonane som er lagde til stillingane deira, også måtte ta del i andre administrative oppgåver. Det kan verte aktuelt med nokre justeringar av arbeidsoppgåver og arbeidsfordeling.

## Kvalifikasjonar og eigenskapar:

### Kvalifikasjonar

- Mastergrad eller anna utdanning tilpassa dei oppgåvene stillinga skal dekkje.
- Relevant erfaring frå universitets- eller høgskulesystemet og offentlig forvaltning
- God skriftleg og munnleg framstillingsevne på begge målformer og gode engelskkunnskapar
- God IT-kompetanse og helst erfaring med system som Felles Studentsystem og ePhorte
- Erfaring med framstilling av tall og statistikk er ein føremon
- Erfaring med studieadministrasjon, eksamensadministrasjon og undervisningsplanlegging er ein føremon

### Personlege eigenskapar

- Gode samarbeids- og kommunikasjonsevner
- Motivasjon og initiativrikdom
- Fleksibilitet og sørvisinnstilling
- Evne til å arbeide sjølvstendig, strukturert og målretta
- Evne til prioritering og orden i fasar med stort arbeidspress

## Vi tilbyr:

- Eit godt og interessant arbeidsmiljø, utfordrande oppgåver og høve til utvikling og kompetanseheving
- Løn tilsvarande lønssteg 59-64, for tida 514 800-565100 kr. brutto per år. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn. Frå bruttoløna vert det trekt 2 % til pålagt medlemskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

## Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til studieleder Signe Nilsen ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, telefon 55 58 88 23, e-post [signe.nilssen@uib.no](mailto:signe.nilssen@uib.no).

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjorde offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad og CV skal sendast elektronisk via link på denne sida «SØK STILLINGEN».

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Søknaden skal merkast: 2019/5719

Søknadsfrist: 14.06.2019

## Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det humanistiske fakultet består av fire institutt og fire senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 170409, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut